

Eldrid Lunden

TIL SVENSKA AKADEMIEN

Det er ei stor ære å bli tildelt Svenska Akademiens Nordiske pris. Hjarteleg takk!

Ei pristildeling som denne er ei eineståande hending i eit forfattarliv. Dette året finn den også stad under omstende som har uvanlege kjenneteikn i det at vi lever under ein pandemi som vil vere med å bestemme premissane for livet vårt i lange tider framover. Kva sambandslinjer ein kan trekke mellom litteraturen og omverda i ein slik situasjon er sjølsagt eit ope spørsmål. Men samanhengen er der jo; og for eksempel i Norge har det blitt utgjeve fleire romanar der intriga er plassert i ein pandemi. Vi kan også sjå revitalisering av verdispørsmål i samfunnsdebatten og aktualisering av handlingsmønster / strategiar som lenge har vore oppfatta som utgått på dato. Desse reaksjonane har medført optimisme og støtteerklæringar til framtida ... eg melder meg gjerne på her med min personlege optimisme.

Situasjonen vi opplever har aldri vore heilt den same ved tidlegare pandemiar blir det sagt, og gjentatt. Ja, naturkatastrofer har svært varierende nedslagsfelt og omfang; så hadde ikkje naturen kompensert for overraskelsar og ulykker med rimeleg stabil menneskeleg overlevingsevne, kunne det sett vanskelegare ut, men her dreiar det seg heldigvis om ein kompetanse som ikkje så lett forvitrar.

Menneske som lever i ras- og flaumutsette område får sjelden høve til å la realitetar som dette gå i gløymeboka. Raset eller flaumen kan rasere hus og heim, gong på gong. Men folk bygger opp igjen det som gjekk tapt; ikkje primært fordi det blir ein tryggare stad å vere, men fordi dei opplever at det er her dei har livet sitt. Også barn kan bli fortruleg med og fasinert av risikable naturkrefter som ikkje kan veljast bort; frå min eigen barndom har eg minne som dette:

Det er sommar og sol, og heile familien arbeider ute på markene. Så kunne bror min og eg plutselig stanse opp, og ein av oss seier: Tenk om verdens største hest kom farande mot oss nå! Ja. Og hesten kom! Det var ein lys fjording lik hesten til far; han var kjempehøg og kanskje hundre meter lang og han kom

galopperande i lufta oppover dalen. Bildet er solfylt, utan lyd, og eg måtte lukke augo og stenge av før hesten kom altfor nær. Så er det freistande å legge til at bildet (eller filmen) neppe treng referansar til det velkjende undermedvitet vårt. Det viser helst at vi kan ha større evne til å oppleve dagklåre og samtidig samansette erfaringar enn vi ofte reknar med.

Eg vil avrunde desse strøtankane med noen sitat av, Henry David Thoreau. Dei dreier seg om samanhengar i det daglege, og dei kan fungere som reminder så vel i krisesituasjonar som for ein privilegert prisvinnar her og nå.

Henry David Thoreau, (utdrag frå *Walden*, omsett av Eldrid Lunden, 2004)

Naturen er like godt tilpassa svakheit som styrke. Den er i balanse. Utan vakthald. Utan stress

*

Å vere vaken er å vere levande

*

Sola er einsam bortsett frå når det er tåke. Då ser vi to soler. Den eine er falsk

*

Heile livet vårt er forbløffande moralsk. Der herskar aldri våpenstillstand mellom dygd og last

*

Etter ei still natt, vakna eg opp med ei kjensle av at eit spørsmål hadde blitt stilt til meg, og at eg fåfengt hadde prøvd å finne svar i søvne. Men naturen, all skapningens livgjevar, var alt på vindauga, med mildt og roleg ansikt. I dette ansiktet var det ingen spørsmål og ingen svar. Snøfonnene ute på markene hadde berre ein ting på hjarta: Framover!

*

Oppfatningane våre av det lovbundne, og om harmoni gjeld berre svært enkle tilfelle der reknestykka våre stemmer. Men langt vidunderlegare er den

harmoni som kjem av eit stort antall lover som vi enda ikkje kjenner. Som synest å kjempe mot kvarandre, men som i realiteten alle samarbeider

*

Skaparen av vår jord tok patent på eit einaste blad. Kven kan tyde den hieroglyfen slik at vi endeleg ein gong kan bli i stand til å vende eit blad